



VANDREGUDSTENESTE

1. Vandregudsteneste tek utgangspunkt i kyrkjerommet (lokalet) der gudstenesta vert halden. Dei ulike liturgiske handlingsstadene med utstyret sitt vert då nytta som «stoppestad», der ein gjennomfører dei ulike ledda i gudstenesta etter kvart som liturgen og ei større eller mindre gruppe går frå stad til stad.

2. Inngangen/ våpenhuset kan vera fyrste og/eller siste staden, der førebuinga/avslutninga går føre seg.

Døypefonten vert staden for dåpspåminning, altaret for bøn og nattverd, preikestolen/lesepulten for lesing og forkynning av Guds ord, og orgelet staden for særlege ledd med song, musikk og lovsong.

3. Gudstenesta vert lagd til rette etter dei lokale og romlege tilhøva, og ledda følgjer etter kvarandre slik ein finn det mest høveleg. Ein bør alltid ha med nokre liturgiske ledd som deltakarane kjenner frå dei vanlege gudstenestene.
4. Det bør leggjast vekt på at sjølve vandringa frå stad til stad vert ein del av gudstenesta, og dette kan ein syta for mellom anna ved salmevalet.
5. Vandregudsteneste opnar på særleg vis for ei pedagogisk tilrette- legging av ei gudsteneste som samstundes er svært fri. Ei slik gudsteneste må førebuast med omhug, og ho set store krav til den praktiske gjennomføringa.
6. Vandregudstenesta høver særleg godt når skuleborn eller andre grupper gjestar kyrkja.

Unntaksvis kan denne forma også nyttast som familiegudsteneste.